

Kor nyttig er utviklings-psykologisk kunnskap i familierapi



Både familierapi og utviklingspsykologi er opptatt av korleis meining vert skapt gjennom gjensidig fortolking, og av historieforteljing som reiskap for å skape meining.

Magne Mæhle



forsvarte 11. juni 2004 sin avhandling *Re-inventing the child in family therapy: An investigation of the relevance and applicability of theory and research in child development for family therapy involving children* for dr.philos.-graden ved Universitetet i Bergen.

Det generelle utgangspunktet for avhandlinga er å undersøke forholdet mellom akademisk kunnskap og klinisk praksis. Meir spesifikt tek den for seg forholdet mellom familierapi og utviklingspsykologi. Avhandlinga drøftar bakgrunnen for at familierapifeltet har vore kritisk til bruken av akademisk kunnskap. Med referanse til kunnskapsteori, utviklingspsykologisk forskning og kliniske erfaringar, vert det argumentert for at kunnskap om barns utvikling og eigenart både er nød-vendig og nyttig for å kunne drive effektiv og etisk forsvarleg familiebehandling som involverer barn. Det vert vidare peikt på at familierapi og utviklingspsykologi har eit interes-sellesskap ved at begge er opptatt av korleis meining vert skapt gjennom gjensidig fortolking, og av historieforteljing (narrativer) som ein reiskap til å gi erfaringar og opplevingar meinig. Avhandlinga viser også korleis kunnskap om dette kan brukast i familierapeutisk arbeid med barn.